


Kunngjering av planoppstart: Detaljregulering for Selje hotell, gbnr. 256/285, m.fl. Stad kommune

- Iht. plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av reguleringsplanarbeid for eit nærare avgrensa område i Selje sentrum, Stad kommune. Forslagsstillar er Selje Hotell Invest AS.
- Planarbeidet har som formål å mogleggjere ei framtidsretta utbygging av ein sentral del av Selje sentrum. Reguleringsplanen skal legge til rette for nytt hotellbygg og svømmehall. Planavgrensinga går fram av kartutsnittet under. Det er vurdert og konkludert med at planforslaget ikkje utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing.
- Stad kommune har nyleg varsla oppstart av detaljregulering for Selje sentrum. Informasjon om det pågåande arbeidet vil bli presentert i folkemøte om framtidsplanar for Selje, arrangert av Stad kommune og Selje næringsforening, i gymsalen på Selje skule, fredag 16. oktober kl. 1600. Det vert gode høve til å stille spørsmål.
- Meir info finn du på Stad kommune sine nettsider eller www.nordplan.no. Naboar og grunneigarar vert varsla direkte. Eventuelle innspel og merknader til planlegginga kan sendast til Nordplan AS, Postboks 224, 6771 NORDFJORDEID, eller på e-post til os@nordplan.no.
- **Frist for innspel til planarbeidet er 10. nov.2020.**



nordplan

- arkitektur
- konstruksjon
- landskap

Nordfjord Eidsgata 45
Førde Langebruvegen 9
Gudbrandsdal Vågåvegen 35
Ålesund Notenesgata 14

Nordplan AS
tlf. 57 88 55 00
www.nordplan.no